



Småbarntreff med internasjonalt preg heime hos Nelly

Nelly Oline Kjærland har sendt ut programmet for det som skal skje på bedehuset i haust og det er ikkje lite. Under lag og organisasjonar finn du kva som kjem fram mot jul. Sjølv er Nelly ikkje minst spent på søndagsskuleopplegget som startar måndag med at Elisabeth Fauskanger kjem og bles liv i det. Ho er fyrst saman med borna og så er det inspirasjonssamling for alle søndagsskuleleiarar i Kvinnherad som startar klokka 19.i kjellaren.

Dei kreative vert leia av Nelly og Maren Guddal Husby denne hausten.No har dei ny tid, frå klokka 17 til 18.30, og kveldsen er kutta ut.

På småbarn treffet har Nelly fått med seg Kristine Hestad, som er den nye trusopplæraren i komunen. Ho har vore med snart 10 år som mor og er difor godt kjent.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen